

Vedtaksprotokoll styremøte

Ivar Aasen-tunet, Ørsta
fredag 27. januar 2012 kl. 09.00–14.15

Til stades

Reidar Sandal (leiar), Sigrun Høgetveit Berg, Georg Arnestad, Torunn Hovland Ljone, Grete Riise, Åshild Widerøe, Ottar Grepstad (sekretær)

Forfall

Bente LaForce, Jon Fosse, Terje Kjøde (vara), Wegard Harsvik (rådsordfører)

Sakliste

Konstituering

- 01/2012 Innkalling og sakliste
- 02/2012 Godkjenning av protokoll

Orienteringssaker

- 03/2012 Referatsaker
- 04/2012 Prioriterte oppgaver 2012

Vedtaksaker

- 05/2012 Vinjefondet
- 06/2012 Språkåret 2013: prosjektplan og prosjektbudsjett
- 07/2012 Drifts- og investeringsbudsjett 2012
- 08/2012 Profilprogram 2012–
- 09/2012 Supplering utstillingsgruppa
- 10/2012 Allkunne
- 11/2012 Møte og saker 2012

Drøftingssaker

- 12/2012 Kulturpolitikk etter 2014

Konstituering

01/2012 Innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste er godkjend.

02/2012 Godkjenning av protokoll

Vedtak

Protokoll frå styremøte 2.12.2011 er godkjend.

Orienteringssaker

03/2012 Referatsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

04/2012 Prioriterte oppgåver 2012

Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

Vedtaksaker

05/2012 Vinjefondet

Vedtak

1. Styret gjer slike vedtak om dei einskilde søknadene:

01/11 Framtida.no, 0130 Oslo: Festivaljournalist

1. Søkjarar som alt har fått midlar til prosjekt, må avslutte desse før det er aktuelt å løyve midlar til eit nytt prosjekt frå same søkjaren.
2. I ein eventuell ny søknad bed vi om at søkjaren opplyser om dokumentert utvikling i talet på unike brukarar og sidevisingar, og gjer greie for fordelinga mellom stoff på nynorsk og bokmål i publikasjonen.

02/11 Oddbjørn Hofseth, 0655 Oslo: Dokfilm ABC
Prosjektet fell utanfor retningslinjene for Vinjefondet.

03/11 Akka Tekst, 6067 Ulsteinvik: Akkatekst.no – ein nettressurs for nynorske nettskrivarar
Prosjektet fell utanfor retningslinjene for Vinjefondet slik dei er i dag.

04/11 Øy-Blikk, 6050 Valderøya: Skrivestafett
Vinjefondet løyver 100 000 kr til Øy-Blikk og skrivestafett.

05/11 Nynorsk pressekontor, 0130 Oslo: Nynorskpraktikant i NPK-redaksjonen
Vinjefondet løyver 70 000 kr til praksisplass for journalist i studieåret 2012-13. Er røynslene gode, kan det vere aktuelt å støtte same tiltaket i inntil to studieår til, under føresetnad av tydeleg eigenfinansiering og plan for rekruttering og marknadsføring.

06/11 Landslaget for lokalaviser, 0153 Oslo: Det store språkløftet i lokalavisene

1. Vinjefondet løyver 300 000 kr fordelt med 150 000 kr av 2011-midlane og 150 000 kr av 2012-midlane under føresetnad av at Landslaget for lokalaviser leverer detaljert budsjett og grunnleggjer korleis dette prosjektet styrkar journalistikk på nynorsk.
2. Løyvinga for år 2 blir først utbetalt når tilfredsstillande prosjektrapport for år 1 er levert. Saman med eit oppdatert og meir detaljert prosjektbudsjett for år 2 må slik rapport liggje føre innan 1.12.2012.

2. Styret oppnemner desse medlemene til fagrådet for perioden 2010–2011:

- Leiar Magni Hjertenes Flyum, Nordfjordeid
- Tomas Bruvik, Husnes
- Lars Arve Røssland, Bergen
- Varamedlem Sverre Liestøl, Volda

Styreleiaren får fullmakt til å supplere fagrådet i samråd med direktøren.

3. Styret drøftar eventuelle endringar i retningslinjene på styremøtet i juni.

06/2012 Språkåret 2013: prosjektplan

Vedtak

1. Styret takkar styringsgruppe og prosjektleiar for svært viktig og godt arbeid.
2. Styret tek på seg det ansvaret og myndet for Språkåret 2013 som styringsgruppa gjer framlegg om. Arbeidet med Språkåret skal organiserast slik at dei ordinære oppgåvene for Nynorsk kultursentrum kan førast vidare med same styrke og slik at den økonomiske risikoen for Nynorsk kultursentrum er minimal.
3. Styret vedtek prosjektplan for Språkåret 2013 på grunnlag av saksførelegg og med dei merknadene som kom fram på møtet. Direktøren får fullmakt til å ferdigstille dokumentet i samråd med styreleiaren.
4. Styret godkjenner det samla prosjektbudsjettet 2011-2014 med dei merknadene som kom fram på møtet.
5. Prosjektplanen blir levert til Kulturdepartementet tysdag 31. januar.
6. Språkåret blir fast sak på alle styremøta til og med våren 2014. I første omgang prioriterer styret tiltak for andre språk enn nynorsk, kommunikasjonsstrategi og økonomi.
7. Styret bed administrasjonen leggje til rette for at tilsette i Språkåret får arbeidsplass med tilknytning til Ivar Aasen-tunet.

8. På grunnlag av driftsbudsjett for 2012 og prosjektplan for Språkåret får direktøren fullmakt til å gjere tilsetjingar i samråd med styreleiar.
9. Vedtaket i punkt 4 blir inkludert i justeringa av driftsbudsjettet for Nynorsk kultursentrum i sak 07/2012.
10. Etter drøfting i rådet i april vedtek styret førebels programplan for Nynorsk kultursentrum i Språkåret på styremøtet i juni.
11. Administrasjonen kan gå i gang med å prosjektere ombygging av Galleriet. Styret tek stilling når prosjektbudsjett ligg føre på neste styremøte.

07/2012 Drifts- og investeringsbudsjett 2012

Vedtak

Styret godkjenner det reviderte drifts- og investeringsbudsjettet for 2012.

08/2012 Profilprogram 2012–

Vedtak

1. Styret godkjenner det nye profilprogrammet for Nynorsk kultursentrum.
2. Profilprogrammet blir teke i bruk frå 1.2.2012.
3. Styret fastset institusjonsnamn på andre språk enn norsk på neste møte.
4. Styret drøftar erfaringar med profilprogrammet på møte vinteren 2013.

09/2012 Supplering utstillingsgruppa

Vedtak

Styreleiar får fullmakt til å supplere utstillingsgruppa i samråd med direktøren.

10/2012 Allkunne

Vedtak

1. Nynorsk kultursentrum bed Det Norske Samlaget avklare si vidare satsing på Allkunne.
2. Styret drøftar saka på ny i mars.

11/2012 Møte og saker 2012

Vedtak

1. Sakene om eventuelt nybygg i Aasen-tunet og langtidsplan Dei nynorske festspela blir flytta frå mars til juni.
2. Styremøtet 27.9. blir flytta til 26.9. under føresetnad av at rådet kan ha sitt møte 27.9.

Saker til drøfting

12/2012 Kulturpolitikk etter 2014

Vedtak

Styret bed administrasjonen ta synspunkta frå drøftinga med i det vidare arbeidet med notat til Enger-utvalet. Framlegg til notat blir sendt til styret innan 5.3. og endeleg versjon blir sluttdrøfta på møtet i mars.

Godkjend protokoll

Protokollen frå styremøte 27. januar 2012 er godkjend i møte 20. mars 2012.

Reidar Sandal

Sigrun Høgetveit Berg

Georg Arnestad

Torunn Hovland Ljone

Grete Riise

Åshild Widerøe

Ottar Grepstad